

w604gn

Korleis er det på skulen i Noreg?

På skulen her i Noreg er det nokså greitt. Vi startar klokka 08,55 og sluttar klokka 14,25. I første time helsar vi og byrjar å jobb med det læraren har sakt vi skal gjere. Det er viktig å høyre godt etter for vi har prøvar nesten kvar veke. Etter kvar time er det eit 5 minutt friminutt. I desse pausane må vi finne bøker til neste time og kanskje gå på do. Når vi har ein ny lærar i løpet av dagen, må vi helse på den også. Etter 3. time, er det midttide. Det varar frå klokka 11,20 til 12,00. Da er kantina open og vi kan kjøpe forskjellig mat og drikke. I kantina er de nokre stolar og bord og ein liten sofa. Vi har også med oss niste frå heime. Det er som oftast eit par brødsiver med pålegg.

Klasseromma er heilt kvadratiske med dør og ein heil vegg med vindaug. Lærarane står ved ein talarstol der det er ein data. Vi har ein prosektor så vi kan sjå det læraren driv med viss han skal vise noko på internett. Det er ei tavle med eit skap ved sidan av. På tavla skriv læraren leksa og viktige ting i løpet veka. Vi må notere leksene på arbeidsplanen for det er ikkje alltid det står på planen. Vi har låsbare skap, men det en nesten igjen som gjer det. Vi må betale skulen 100 kr viss vi vil ha nøkkel. Ein må ta nokså mykje ansvar for nesten alt. Viss ein ikkje gjer lekser, kjem for seint til timen og liknande får ein raudlapp der læraren skriv kva og kven. Det blir skriven inn i eit system på data.

Du må ha busskort om du bur for langt frå skulen. Det kan du spørje sekretæren om. Du må vite kvar du skal gå på bussen og av. Der du skal stoppe må du trykke på ein knapp i taket som det står stopp på.

Det er ein labb, eit skulekjøken, eit datarom, eit bibliotek og vanlege klasserom. Det står kva det er på dei fleste dørene. Vi har ein sløydsal, handverksal og ein gymsal også. Når vi har gym, må vi skifte. Det er ein gutegarderobe og ein jentegarderobe. Det er rett ned trappa. Doen er i kjelleren.

Lærarane er svert snille, men dei forventar mykje. Det er karakteren her også. 6 er best og -1 er dårligest. Om du jobbar bra, for du bra karakter.

Det er ikkje så mykje mobbing her, men ein må ikkje seie eller gjere ting som er støytande mot andre. Vi plar å tulle med kvarandre, men det synest alle berre er gøy. Vi må bruke klede som sømmer seg, er funksjonelle og som ikkje er støytande mot andre.

w604gn

Vi har ei fruktordning der vi får gratis frukt kvar dag. Vi har ein fotball i kvar klasse og ein ballbinge og eit par skaterampar.

Skulen er trygg og god. Alle passar på kvarandre.